

Tal

		Endeleg
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, miljøvernavdelinga	Kontroll ved Halsvik Bil & Gjenvinning	RAPPORT

Verksemda si adresse:	Halsvik 5960 Dalsøyra	Arkivkode:	2005/5475 /472
Lovverk:	Sjå kap. 2 Dokument- grunnlag	Tidsrom for kontrollen:	27.10.2005
Kontrollør:	Bjarne Nes	Kontaktperson i verksemda:	Jørgen Ringereide
Deltaking frå verksemda:	Jørgen Ringereide		

Innhald i rapporten:

Rapporten omtalar avvik og merknader som vart konstatert under kontrollen. Andre tilhøve som vedkjem aktuelle kontrolltema er og omtalt.

Hovudkonklusjon:

Følgjande avvik vart avdekka under kontrollen:

- Tal kasserte kjøretøy som vert lagra på plassen er for høgt
- Område for lagring av ikkje sanerte bilar er ikkje godt nok sikra mot ureining til grunnen
- Det er manglar med omsyn på deklaring av farleg avfall

Det vert gjeve ein merknad som vedkjem miljøsanering av kjøretøya.

Utarbeidd dato: 25.11.2005

For Fylkesmannen Bjarne Nes
kontrollør

Innhold

	Side
1. Innleiing	3
2. Dokumentgrunnlag.....	3
3. Avvik.....	4
4. Merknader	5
5. Andre tilhøve.....	5

1. Innleiing

Rapporten er utarbeidd etter kontroll ved Halsvik Bil & Gjenvinning sitt anlegg for mottak og handtering av kasserte kjøretøy den 27.10.2005.

Kontrollen er ein del av ein landsomfattande kontrollaksjon som Statens forurensningstilsyn (SFT) og Fylkesmennene gjennomfører hausten 2005. Målet med aksjonen er å kontrollere at dei verksemdene som tek i mot og handterer kasserte kjøretøy (bilvrak m.m.) gjer ei forsvarleg miljøsanering av kjøretøya, at verksemda ikkje fører til ureining og forsøpling av omgivnadene, og at utsortert miljøfarleg avfall blir handtert og levert på ein forskriftsmessig måte.

Kontrollen vart gjennomført ved samtalar med ansvarlege for verksemda, gjennomgang av diverse rutinar og journalar, og ved inspeksjon ved verksemda.

Kort omtale av verksemda:

Halsvik Bil & Gjenvinning ved Jørgen Ringereide fekk den 25.11.2003 på visse vilkår løyve etter ureiningslova til demontering av kasserte kjøretøy. Løyvet er endra den 29.04.2004. Verksemda er eit einmanns føretak som i hovudsak driv med innkjøp av forsikringsvrak for demontering og delesalg. Etter avtale blir vraka etter deleplukking levert til NGIR sitt mottak (biloppsamlingsplass) i Kjevikdalen i Lindås. Verksemda hentar/transporterer òg vrak direkte til NGIR utan at desse er innom anlegget i Halsvik.

Det vert vurdert å søkje om løyve for ein ordinær oppsamlingsplass for kasserte kjøretøy med rett til å skrive ut pantekvitteing.

Definisjonar:

AVVIK vert definert som brot på krav som er fastsett i eller med heimel i helse-, miljø, og tryggleikslovgivinga. (Døme er brot på krav i ureiningslova, forskrifter til lova, utsleppsløyve, og verksemda sine egne rutinar som er nødvendige for å støtte styresmaktene sine krav.)

MERKNAD er definert som tilhøve som tilsynsetatane meiner det er nødvendig å peike på for å ivareta helse, miljø og tryggleik, og som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik. (Brot på egne rutinar som inneheld strengare krav enn lovkrava, kan verte omtala som merknad.)

2. Dokumentgrunnlag

Særleg viktige dokument for kontrollen:

- ”Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forurensningsloven)”
- ”Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskriften)”, kapittel 3, 4 og 11.
- Utsleppsløyve datert 25.11.2003 m/endring 29.04.2005.
- SFT-retningsline TA-1923/2002; Kasserte kjøretøy.
- Diverse korrespondanse mellom Halsvik Bil & Gjenvinning og Fylkesmannen

3. Avvik

Følgjande avvik vart oppdaga under kontrollen:

Avvik 1: Tal kasserte kjøretøy som vert lagra på plassen er for høgt

Avvik frå: Utsleppsløyve datert 25.11.2003 m/ending 29.04.2005.

Kommentarar: Gjeldande løyve gjeld oppstilling av inntil 60 kasserte kjøretøy samtidig på uteområde. Verksemda har tidlegare gitt melding om at denne grensa er overskriden, noko som vart konstatert under kontrollen. Talet bilvrak var over 100. Verksemda har løyve til å ta i mot og demontere inntil 200 kjøretøy i året. Denne grensa er ikkje overskriden.

Det vart opplyst at det vil bli søkt om å få utvida ramma for løyvet.

Avvik 2: Område for lagring av ikkje sanerte bilar er ikkje godt nok sikra mot ureining til grunnen.

Avvik frå: Utsleppsløyve datert 25.11.2003 m/ending 29.04.2005.

Kommentarar: I punkt 1.2 i Vedlegg til løyvet står det at: *"Anlegget skal driftast i samsvar med dei til ein kvar tid gjeldande retningsliner frå Statens forureiningsstilsyn, SFT, for «behandlingsanlegg» for kasserte køyrety dersom ikkje det er fastsett andre vilkår i dette løyvet."* Det står vidare at: *"Demonteringsanlegget skal innrettast og drivast slik at vass- eller grunnureiningar ikkje oppstår. Dette føreset mellom anna at verksemda til ei kvar tid har oversikt over kva for bilar som inneheld farleg avfall."*

Dei nemnde retningslinene føreset fast dekke der det skjer *"Lagring av utømte kjøretøy for delesalg"*, *"Miljøsanering"* og *"Pressing"*. Dei fleste av dei bilane som stod lagra og som det skulle plukkast delar av, eller som skulle leverast vidare til NGIR, var ikkje tappa for olje eller andre væsker. Dei utgjer såleis ein fare for ureining i grunnen i og med at dei er plasserte på grusdekke utan særskilt oppsamling av ev. søl. Vi vil likevel understreke at det ikkje vart observert oljesøl eller annan indikasjon på ureining av grunnen i dag.

Avvik 3: Det er manglar med omsyn på deklarerer av farleg avfall.

Avvik frå: Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskriften)", kapittel 11: Farlig avfall.

Kommentarar: Verksemda deklarerer ikkje alt farleg avfall som blir levert mottakar. Det blir opplyst at noko farleg avfall, m.a. bilbatteri som har blitt teke ut av vraka blir levert mottak (NGIR) utan at det blir skrive ut deklarasjonsskjema for dette. Næringsverksemdar skal deklarerer alt farleg avfall som oppstår i verksemda. Plikta til levering og deklarerer vil òg gjelde for farleg avfall som har blitt fjerna frå vraka.

4. Merknader

Merknad 1: Miljøsanering av kasserte kjøretøy blir dels utført ved Halsvik Bil & Gjenvinning, og dels ved NGIR

Kommentar: Halsvik Bil & Gjenvinning er i ei særstilling i høve til ein ordinær biloppsamlingsplass, i og med den avtalen som er inngått med NGIR om å kunne levere kjøretøya dit etter deleplukking. Det vart opplyst at NGIR tek seg av den delen av miljøsaneringa som Halsvik Bil & Gjenvinning ikkje gjer, noko NGIR som ein ordinær oppsamlingsplass også får statleg tilskot til. Ut frå denne kontrollen har såleis ikkje grunn til å seie at miljøsaneringa før pressing ikkje blir gjort i samsvar med forskriftskrava, men det er ikkje fullt ut samsvar mellom det Halsvik Bil & Gjenvinning gjer med vraka og det som er lagt til grunn for løyvet. Her var det føresett miljøsanering av komponentar og væsker som er lista opp i Vedlegg 1 til forskrifta, punkt 3.

Krav til miljøsanering i følgje vedlegg 1, punkt 3 er:

- demontering av batteri og tanker for flytende gass,
- demontering eller nøytralisering av mulig eksplosive komponenter (for eksempel kollisjonsputer og beltestrammere),
- demontering av oljefiltre,
- tapping og separat oppsamling av drivstoff, olje, kjølevæske, bremsevæske, samt alle andre væsker i kasserte kjøretøy med mindre de er nødvendige for ombruk av de aktuelle komponenter,
- demontering av kvikksølvholdige komponenter, der det er mulig.

5. Andre tilhøve

Miljøsanering skjer inne på verkstad, på betonggolv utan avrenning. Verksemda hadde og brukte absorpsjonsmiddel for å samle opp ev. oljesøl.

Pressing av vrak blir ikkje gjort hos verksemda.

Lagringsplassen for bilane ligg like ved vegen til Sløvåg. Plassen er godt skjerma med ein voll, og elles avstengt mot vegen med høgt gjerde og låst port. Det er planar om å oppgradere plassen til ein ordinær oppsamlingsplass for kasserte kjøretøy, og utviding av arealet.